



Folkevaldopplæring


24. OG 25. OKTOBER 2023



Politisk organisering

Vedteken mars 2023





Kvam heradsstyre



- Heradsstyret er det øvste styrande kommunale organet og gjer vedtak på heradet sine vegner, så langt ikkje anna følgjer av lov eller vedtak om delegering
- Heradsstyret har det øvste ansvaret for å ha kontroll med Kvam herad si verksemd
- Heradsstyret vel eit kontrollutval, som skal ha jamleg tilsyn med Kvam herad si verksemd på heradsstyret sine vegner.
- 27 faste representantar

Kvam formannskap (FSK)

- Kvam formannskap er Kvam herad sitt eigarorgan og er lovpålagt
- Er eit strategiutval for næringsutvikling, samfunn, miljø, kultur og tenesteproduksjon.
- Leiar og samordnar arbeidet med økonomiplanen og legg fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. I tillegg skal FSK gje innstilling i saker om skatt
- Kan gje høyringsuttalar på vegne av Kvam herad
- Har myndigheit til å gjera vedtak i hastesaker
- Har 9 medlemer. Ordførar leiar møta



Kvam miljø-, plan- og bygningsutval

Utvalet har ansvaret for å handsama:

- byggesaker som ikkje er delegert til rådmann, reguleringsplanar, saker knytt til miljø og forureining
- følgje opp klima- og miljøplanar for Kvam herad (Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen til Kvam herad).
- saker knytt til landbruksforvaltning, viltforvaltning, landskapsvern og kommunaltekniske anlegg.
- Utvalet rapporterer direkte til heradsstyret, men saker med stor strategisk/ og eller økonomisk konsekvens som til dømes større reguleringsplanar både offentlege og private, går via Kvam formannskap
- 9 faste representantar. Varaordførar leiar utvalet



Kvam kontrollutval

- Skal på Kvam heradsstyre sine vegne føra kontinuerleg kontroll med Kvam herad si verksemd (jamfør kommunelova § 23-1, 1. ledd).
- kontrollutvalet er berre ansvarleg overfor heradsstyret og har difor tilvisingsrett i sine eigne saker. Sakene deira går som hovudregel rett til handsaming i heradsstyret.
- Skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval fordi utvalet ikkje skal driva politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøva politiske prioriteringar gjort av andre folkevalde organ
- Har 5 faste representantar. Leiar i kontrollutvalet kjem frå opposisjonen.



Medvirkningsorgana til Kvam herad

Ungdomsrådet, Eldrerådet og rådet for menneske med funksjonsnedsetting



Ungdomsrådet

- Kvam herad er ein pioner innanfor arbeid med ungdomsråd. Kvam herad hadde ungdomsråd allereie i 2003 ... 17 år før det vart lovpålagt i ny kommunelov.
- Kvam herad er i år kåra til «**Årets ungdomskommune**» mellom anna pga. arbeidet til ungdomsrådet.
- Kvam ungdomsråd har blitt lagt merke til regionalt og nasjonalt.
- Skal delta i Redd Barna sitt prosjekt «Oppdrag 7 – Rett til å være med!»
- I helga deltok 4 ungdomar på nettverksamlinga i Bergen. Her var dei også ein av føredragshaldarane og fortalde om arbeidet til rådet.



Kva er ungdomsrådet?

- eit lovpålagt, rådgjevande medverknadsorgan for ungdom.
- består av 9 ungdommar + vara som har ei funksjonstid på 2 år.
- Representantane er tilrådd frå til saman 5 ulike skular og Ungdomsbasen. Formelt valt av heradsstyret.
- i tillegg 1 fast representant frå heradsstyret (funksjonstid 4 år). Har eigen koordinator
- har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom. Rådet blir difor nytta som eit rådgjevande organ for andre politiske utval og administrasjonen i kommunen.
- Ungdomsrådet har vore referansegruppe for viktig planarbeid i kommunen vår t.d. miljø- og energiplanen, oppvekstplanen, trafikksikringsplanen, bygging av ny vidaregåande skule, og fritidskortet.
- Tar opp eigne saker som rådet meiner er viktig. Ei av dei viktigaste sakene har vore god psykisk helse blant ungdom.
- Held på med demokratiopplæring- «Mi røyst tel!»



Eldrerådet (KER)

- Oppretta som eige utval 3.10.2023
- KER er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organa i Kvam herad
- skal handsama alle saker som gjeld levekåra for eldre og elles saker som er særst viktige for dei eldre i Kvam.
- Døme på saker: tenester for eldre, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, og kommunikasjonsplanar
- Skal også kunna ta opp saker på eige initiativ





Samansetjing:

- 1 medlem med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret. Denne representanten har talerett i rådet, men ikkje røysterett.
- 5 medlemer blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam.
- 4 varamedlem blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam.

Rådet for menneske med funksjonsnedsetting

- RMF er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organa i Kvam herad og skal handsama alle saker som er særst viktige for personar med funksjonsnedsetting.
- Saker som rådet skal handsama: tilgjenge, arbeid mot diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetting, tenester for menneske med funksjonsnedsetting, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, kommunikasjonsplanar, kulturtiltak m.m.





- Rådet kan ta opp saker på eige initiativ som fell under RMF sitt ansvarsområde. RMF skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.
- Samansetjing:
 - 1 representant med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret
 - 5 medlemer blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam.
 - 4 varamedlem blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam.

Felles for dei tre medverknadsorgana

- Er viktige talerøyr for sine grupper
- Vert nytta som høyringspartar for ulike saker
- Har rett til å leggja fram sitt syn i saker som er viktige for råda. Kan komme i FSK og HST å informere om dette sjølve i forkant av sakshandsaming.
- Uttale frå råda følgjer saksdokumententa
- Representant som er valt frå heradsstyre har eit særskilt ansvar å følgje opp sakene til råda



Administrasjonsutvalet (ADM)

- Administrasjonsutvalet skal handsama saker med heimel i kommunelova § 5-11 og hovudavtalen for KS- området § 4.
- Administrasjonsutvalet har elles uttalerett/tilrådingsrett i større organisasjonsgjennomgangar i Kvam herad.
- Drøftingar om overordna personalutviklingstrendar/visjonar er også naturleg å drøfta i administrasjonsutvalet
- Samansetjing: skal ha 7 medlemer. 5 av desse skal veljast frå arbeidsgjevarsida med ei funksjonstid på 4 år, og 2 skal peikast ut etter høvetalsprinsippet, av og mellom arbeidstakarorganisasjonane med ei funksjonstid på 2 år.



Klagenemnda (KLAG)

- er oppnemnd av heradsstyret i samsvar med forvaltningslova § 28, 2. ledd.
- Klagenemnda har på heradsstyret sine vegner mandat til å avgjera klagesaker vedkomande enkeltvedtak (jamfør forvaltningslova § 2 b)) som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at heradsstyret er klageinstans.
- **Samansetjing:** Klagenemnda skal ha 3 medlemer, med personlege varamedlemer. Heradsstyret vel klageinstansen sin leiar og nestleiar.



Valstyret (VAL)

- Etter vallova § 4-1 skal det i kvar kommune vera eit valstyre.
- Valstyret har ansvaret for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå (dvs. stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval).
- Er operative kvart 2. år.
- Er det øvste valorganet i Kvam herad
- Valstyret har 5 faste medlemmer og 4 varamedlemmer. Ordførar og varaordførar skal veljast til leiar og nestleiar for valstyret.



Kvam valnemnd (VALN)

- Hovudarbeidet til valnemnda er å førebu nyval av mellom anna av nemnder, styrer, råd og utval m.m., som ikkje vert valt på konstituerande møte.
- Valnemnda har også ansvar for å førebu eventuelle nyval og suppleringsval gjennom heile perioden.
- Valnemnda gjev tilråding til heradsstyret i saker som omhandlar val.
- Valnemnda skal ha 5 faste medlemmer og 4 varamedlemmer og skal veljast blant dei faste representantane i heradsstyret
- Varaordførar leiar arbeidet til utvalet

